

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 04.11.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
082/20	Utval for næringutvikling og drift	11.11.2020

Søknad til Næringsfondet 2020 - Lindre Bærhage DA - Endring av driftsbygg frå mjølkegard til innandørs matproduksjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Endring av driftsbygg frå melkegård til innandørs matproduksjon» blir tildelt kr 20 000 frå Næringsfondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

Utval for næringutvikling og drift 11.11.2020:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 082/20 Vedtak:

Prosjektet «Endring av driftsbygg frå melkegård til innandørs matproduksjon» blir tildelt kr 20 000 frå Næringsfondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Føretaket er eit ansvarleg selskap med delt ansvar. Registrert 13.07.2020. Bransje: Dyrking av annan frukt som veks på trær eller busker samt nøtter. Kontaktperson Remi Moldskred. Kjelde: proff.no

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Søkjær opplyser at Lindre Bærhage DA vart registrert 15.09.20 dei overtok Trudvang Gård på Lindås. Dei vil drive med produksjon av bær og smågrønnsaker både inne og ute.

Prosjektleveranse/Målsetting

Pusse opp første rom i driftsbygg til Innomhus matproduksjon etter Mattilsynet sin standard.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Endring av driftsbygg frå melkegard til innandørs matproduksjon	100 000	50 000	20 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet.

- Prosjektet viser vekst og arbeidsplassutvikling i Alver jf. NF vedt. pkt.1 og pkt.2.1.
- Prosjektet viser omstilling og nyskaping jf. NF vedt. pkt.2.3.
- Søknaden gjeld i hovudsak nytt utstyr jf. NF vedt. pkt.4.2.

Etter ei samla vurdering ligg ein større del av det omsøkte prosjektet innanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er utanfor. Søknaden kan innvilgast på følgjande vilkår:

- Dokumentasjon på godkjenning av mattilsynet før utbetaling.

Vedlegg 1_Søknad

Vedlegg i saken:

04.11.2020 Lindre Bærhage_Søknad_29sep 2020

1469083